

## HAR AVISENE BLØFFA?

Har ikkje Vikebladet-Vestposten og Sunnmørsposten referert korrekt?  
Som middels politisk interessert innbyggjar i Hareid kommune, har eg gong på gong reagert på den interne krangelen i det politiske miljøet i kommunen. Men måndag 27.august om kvelden var ordføraren på fjernsynet og sa at einaste saka i hennar ordførarperiode det har vore strid og støy rundt, har vore skulesaka!

Konklusjonen må då vere at referat frå politiske møte i VV og Sunnmørsposten har vore reint oppspinn. Det har aldri vore noko sak om "Kongen på Haugen" og "Prinsessa på erta". Start, drift og avvikling av Rugekassa gjekk stille for seg, sanden på indre Hareid har aldri vore diskutert, og ordføraren har aldri kome med spydige kommentarar til politiske motstandarar som har fått pengar frå det kommunale næringsfondet eller parkert på handicaplassar. Oj, eg heldt visst på å gløyme dagsenteret Sanzibar.....

Tidvis har det syntest som at dei to største kamphanane ikkje har klart å roe seg på Fylkestinget heller.

Det er nok fleire enn meg som har registrert uroa og dei private motsetningane i det politiske miljøet i Hareid. Då er det underleg å få ei slik framstilling på direkten på skjermen.

Så langt eg kan skjøne, er nok måten dei leiande politikarane har framstilt røyndomen og deira arrogante holdning ei av årsakene til at frustrasjonen hos kommunens innbyggjarar er så stor at det vert laga ei ny politisk uavhengig liste til årets kommunestyreval. Ja ikkje berre vert denne lista danna, men den er så godt samansett, at vi er mange som kjem til å røyste på denne lista.

Elles så registrerer eg at nokon som har vore ivrige kritikarar av det sitjande regimet, står på Venstre si liste no ved valet. At ein tidlegare venstremann, som har vore i stridens kjerne i åtte år, no kjem ut av skapet som arbeiderpartimann,- og seier han er den rette til å skape ro i miljøet. Toppkandidaten til Høgre kjem frå Tverrpolitisk, sist gong var det visst omvendt.

Vi treng nye folk og nye haldningar i det politiske styret i Hareid, stem på Folkelista!

**Gunn-Bente Drevland**